

Bergen, 2.10.1985
OM/TBR

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 135/85

FORSKRIFT OM FORBOD MOT Å NYTTE LYS VED NOTFISKE I MØRE OG ROMSDAL FYLKE.

Fiskeridepartementet har den 27. september 1985, med heimel i § 4 i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. fastsett:

§ 1

Det er forbode å nytte lys ved notfiske i Møre og Romsdal fylke.

§ 2

Med unntak av dei områda som er nemnde nedanfor gjeld ikkje forbodet i § 1 ved fiske etter brisling:

1. Aure.
På Svinvika innafor ei line frå Korsnesskjæret, Grisvågøya over Furuøya og Kalvøya til Alfaskjær på Skarsøya.
2. Vinjefjorden.
Innafor ei line frå Bærdalsnes til Flua.
3. Valsøyfjorden.
Innafor ei line frå Oddan til Valsøy og frå Helgeneset til Otnes.
4. Skålvikfjorden.
Innafor ei line frå Korsneshammaren til Kornesflua i Halså kommune.
5. Asskardsfjorden.
Innafor ei line tvers over fjorden frå Asskardholmen.
6. Hammesfjorden.
Innafor høyspentkraftline over fjorden (Baklia - Hakstad).
7. Lauvøyfjorden. Området vestanfor ei line frå Mekvikholmen til Tøvikholmen lykt, derfrå over Mamnsholmen til austre odden på Strømsholmen, og området austanfor ei line frå Tøvikholmen lykt over Hjertvikholmen til Store Lauvøy.
8. Solnørvika.
Innafor ei rettvisanede line aust-vest som tangerar yste neset på Langskipøy.
9. Ørskogvika.
Innafor ei rettvisande line 328⁰ frå ytste odden på Gausnes til vestlegaste strandområde på Abelset.

10. Stordalsvika.
Innafor ei rettvisande line 51⁰ frå lykta på Stordalsholmen til Seljeneset.
11. Ulsteinsvikområdene.
 - a) Haddalsvika.
Innafor ei line frå nordodden på Furuøy til Dragsund bru.
 - b) Botnavika.
Innafor ei line frå Dimnes sørpunkt til Kværnen.
 - c) Lyngnesvika.
Innafor ei line frå Hatle verkstad til nordvestoden på Lyngsnes.
12. Hjørundfjorden.
Innafor ei line frå Sæbø til Leiknes.
13. Ørstadfjorden.
Innafor ei line Digerneset til Ravlebakken.
14. Austefjorden.
Innafor ei line frå Skorneset til Arsetstokken.
15. Kilsfjorden.
Innafor ei line frå Ashammaren til Gotneset.
16. Dalsfjorden.
Innafor ei line frå Eidsetosen til Jotteneset.
17. Syvdefjorden.
Innafor ei line frå Eidså til lykta på nordsida av fjorden.
18. Vannylvsfjorden.
Innafor ei line frå Revjehorn til Sandviksneset.
19. Geirangerfjorden.
Innafor ei line frå lykta på Møll rettvisande 210⁰ til sørsida av fjorden.
20. Tafjorden.
Innafor ei line frå Seines til Muldal.
21. Samfjorden.
Innafor ei line frå Boltholmen rettvisande vest til utsida av fjorden.

§ 3

Denne forskrifta tek ti å gjelde straks og gjeld fram til 31.12.1990.
